

Søknad om produksjonstilskott pr. 01.10.2020 (telledato).

Det er på ny tid for eit av haustens vakraste eventyr, nemleg søknaden om produksjonstilskott 2020. Dei fleste av dykk har levert del 1 av søknaden i første del av mars, og nå er det tid for å sende inn del 2.

Gå inn på heimesida til Bjerkreim kommune <https://www.bjerkreim.kommune.no> og vel arkfana Næring, landbruk og miljø, så landbruk, deretter søkje om tilskott og så vel du produksjonstilskott. Her finn du [direkte link til søknadsskjemaet i altinn](#)

Søknadsfristen er 15.10.2020, og du kan endre opplysningar i søknaden fram til og med 29.10.2020 utan økonomiske konsekvensar. Har du gløymt å levere søknaden innan fristen, kan den leverast fram til 29.10.20, med då med eit trekk på 1.000,- kr/dag.

I tillegg kan du etterregistrere innan 10.01.2021 avløyarsutgifter mellom 01.10.20 og 31.12.20, samt dyr på utmarksbeite som er sankt etter 15.10.20.

Ved denne søknadsomgangen kan du søkje innafor følgjande ordningar:

Tilskott for husdyr:

- Du skal søkje for alle husdyr, unnateke sauer født i fjor eller tidlegare. Sauene søkte du på i mars, både når det gjeld tilskott og grunnlag for avløyartilskott.
- **Vær nøye og tell tal dyr du søkjar tilskott på.** NB kyr/ammekyr som ikkje har kalva dei siste 15 mnd før teljedato skal først som **øvrige storfe**. Ein del fører feil her, og då er me nødt til å avkorte i tilskottet.
- Det er dei dyra du disponerer på teljedato den 01.10.2020 som skal først opp. **Før ikkje opp ca. tal !!!**
- Når det gjeld mjølkekyr og ammekyr, vil dyretallet du fører opp på husdyrtilskottet automatisk danne grunnlaget for henholdsvis driftstilskott mjølk og driftstilskott til spesialisert storfekjøttproduksjon. Det same gjeld tilskott til små om mellomstore mjølkebruk.

Beitetilskott:

Her skil me mellom to typar beitetilskott:

- **Ordinært beitetilskott** der dyra må ha vore ute på beite i **minimum 16 veker** gjennom beitesesongen, og minst halvparten av grovforopptaket skal ha skjedd på beite. Vær nøye og sjekk om dyra dine har vore ute på beite så lenge som kravet tilseier. Det er summen av beite på innmarksbeite og utmarksbeite som må vera minst 16 veker. Beitetilskottet er på kr. 50 pr. småfe(sau,lam,kje,geit) og kr. 420 pr. storfe.
- **Tilskott for beiting på utmarksbeite**, der dyra i utgangspunktet må ha vore minst 5 veker til heis eller på avgjerda utmarksbeite. For dei av dykk som har dyr som går fram og tilbake mellom utmarksbeite og innmarksbeite, vil me framleis nytta reknearket for avbeiting som støtte for vår vurdering. Det må imidlertid finnast ein del utmark på eigedommen, slik at dyra reelt har beite for 5 veker, kanskje 5 – 10 daa utmark pr. vaksen sau. Er du i tvil, fyll ut tabellen som ligg på heimesida vår og send inn for vurdering, eller ta kontakt med oss. Fyll aldri inn alle dyr, og tru at me fikser resten. De må fylle inn rubrikken for sluppet på utmarksbeite(teller 70 % av tilskott) og sankt frå utmarksbeite(teller 30 % av tilskott). Tilskottet er kr. 230 pr. småfe og 817 pr. storfe.

Arealtilskott.

- Her søker du automatisk både på areal- og kulturlandskapstilskott, ved å fylla inn dei areala ditt føretak har disponert i vekstsesongen 2020. Tala frå i fjor er preutfyllt, men du må fylla inn dei tala du reelt har disponert i 2020. Husk at sum tal disponert areal, må stemma med det tal dekar du fordelar mellom vekstar.
- Oppmålt nydyrka areal og nye godkjente beite er for dei aller fleste lagt inn i gardskartet.
- Kva for konkrete areal som er registrert på din eigedom, kan du finna på NIBIO sitt gardskart. Link til dette kartet finst direkte i søknaden, eller linken på kommunen si internettside:

Tilskott til avløyning.

- Her fyller du inn netto avløyarsutgifter, utan meirverdiavgift, som føretaket har hatt som

kostnad fram til og med 15.10.2020. Dersom du ikkje har brukt noko avløysarutgifter så langt, men har tenkt å bruke noko i slutten av året, så fyll ut kr. 1 i rubrikken, slik at du faktisk har søkt. I avløysarutgiftene fyller du inn summen av eigne lønnsutgifter, tenester kjøpt av avløysarlaget eller avløysartenester kjøpt av andre føretak. Lurar du på noko så kontakt landbrukskontoret. Maks tilskott for dei som har så mykje dyr, er kr. 85.800,- for 2020.

Tilskott til bevaringsverdige husdyrraser

- Her søkjar ein både for storfe og småfe. Merk at desse må vera raselåste i husdyrkontrollen og det er dyr pr. 01.10.2020 som skal registrerast. Sjå elles veiledninga for meir detaljar.